



STORTINGET

Innst. 182 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 8 LS (2024–2025)

Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Det blir i proposisjonen bedt om Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming av ELA-forordninga i EØS-avtala.

Gjennomføring av forordninga krev lovendingar og medfører økonomiske konsekvensar. Lovendingane er handsama i ei eiga innstilling, jf. Innst. 181 L (2024–2025). I kapittel 2 i proposisjonen er bakgrunnen for lovframlegget detaljert gjort greie for, i kapittel 3 er gjeldande rett beskrive og i kapittel 4 er gjennomføring av ELA-forordninga i norsk rett gjort greie for, jf. òg Innst. 181 L (2024–2025).

Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd er derfor naudsynt i medhald av Grunnlova § 26 andre ledd.

1.2 Samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd

1.2.1 EØS-KOMITEEN SI AVGJERD NR. 319/2023

Ved EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 blei forordning (EU) 2019/1149 ved-

teke innlemma i EØS-avtala. Avgjerda er teken med atterhald om Stortinget sitt samtykke. Innlemming føreset derfor at Stortinget samtykkjer til at forordninga skal bli ein del av EØS-avtala.

EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 endrar EØS-avtala vedlegg V (Fri rørsle for arbeidstakarar) og VI (Trygd) og protokoll 31 (om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane). Det er i kapittel 5.2 i proposisjonen gjort greie for fortalen og dei seks artiklane.

1.2.2 GJENNOMFØRING I NORSK RETT

Det blir foreslått at ELA-forordninga blir gjennomført i norsk rett ved særskild gjennomføringslov som inneheld ei innkorporasjonsføresegn. Det er samtidig behov for endringar i folketrygdlova og EØS-arbeidstakarlova fordi ELA-forordninga endrar forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589.

1.2.3 DEPARTEMENTET SI VURDERING

Når Stortinget gir sitt samtykke, kan Noreg delta fullt ut i aktivitetane til ELA. Ei full deltaking vil kunne bidra til ein meir samordna og effektiv innsats mot grenseoverskridande arbeidslivskriminalitet. Arbeidstilsynet si erfaring er at ELA bidrar til betre og styrkt samarbeid mellom tilsynsstyresmakter i EU sine medlemsstatar og til auka kunnskap om arbeidsmobilitet og dei utfordringane som følgjer med slik mobilitet. Arbeidslivskriminalitet og useriøsitet er ofte grensekryssande. Gjennom ELA sine mange arbeidsgrupper og ulike aktivitetar blir arenaer etablerte for utveksling av erfaringar, der tilsynsstyresmaktene diskuterer prioritering av (risiko)bransjar for tilsyn og rettleiing, tilsynsmetodikk og tilsynsverktøy, analysearbeid og

korleis dei best mogeleg kan samarbeide over landegrensene.

Noreg kan ved full deltaking i ELA dessutan nyttiggjere seg felles kunnskap, betre informasjonsflyt og støtte ved tilsyn som blir gjennomført saman med andre statar. Samtidig skal ELA bidra til meir effektiv og rettferdig arbeidsmobilitet i den indre marknaden, blant anna gjennom EURES. Det er mangel på arbeidskraft i mange bransjar i heile Europa. Noreg deltek allereie aktivt i mange av dei europeiske samarbeidsarenaene som no er blitt ein del av ELA, medrekna plattformar mot svart arbeid og EURES-samarbeidet. Det er viktig at Noreg framleis deltek i desse, og at dette blir styrkt gjennom full deltaking i ELA. I tillegg deltek Noreg i ulike forum som gjeld trygdekoordinering, og som òg vil ha eit omfattande samarbeid med ELA. Noregs deltaking i desse foruma vil også styrkjast gjennom full deltaking i ELA.

1.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Avgjerdar til EØS-komiteen om deltaking i den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta inneber ei plikt for Noreg til å bidra til finansieringa av operasjonelle kostnader (årleg kontingent) og administrative kostnader (blant anna til den nasjonale kontaktpersonen) samt oppfølging i relevante etatar.

Den årlege kontingenten er anslått til om lag 14 mill. kroner i gjennomsnitt per år. Storleiken til kontingenten i norske kroner vil variere noko frå år til år over perioden, avhengig av aktiviteten og endringar i proporsjonalitetsfaktoren (del av Noregs brutto nasjonalprodukt (BNP) i forhold til EU-statane sin samla BNP) og valutakurs. I tillegg kjem om lag 2 mill. kroner til administrative kostnader (blant anna nasjonal kontaktperson) samt oppfølging i relevante etatar.

Finansieringa er ivaretatt innanfor Arbeids- og inkluderingsdepartementet si gjeldande budsjetttramme. I tildelingsbrevet til Arbeidstilsynet for 2020 blei tildeling auka med 2 mill. kroner til Arbeidstilsynet si oppfølging i samband med ELA.

Når det gjeld administrative konsekvensar, deltek Noreg allereie i mange av aktivitetane til ELA. Innlemming av forordninga i EØS-avtala og følgjande nasjonal gjennomføring inneber likevel høve til full deltaking i alle aktivitetane til ELA. Dette vil kunne føre til noko meir koordineringsbehov hos Arbeidstilsynet, medrekna samhandling med den nye norske kontaktpersonen ved hovudkvarteret til ELA i Bratislava. Arbeidstilsynet anslår at dei administrative oppgåvene vil krevje 1 til 1,5 årsverk.

Det er elles vanskeleg å anslå nøyaktig dei administrative konsekvensane av å gjennomføre ELA-forordninga. Dette vil blant anna avhenge av satsingsområda til

ELA frå år til år samt i kva grad det blir gjort bruk av dei frivillige aktivitetane til ELA. Eventuelle meirutgifter av eit visst omfang vil handterast i dei ordinære budsjettprosessane.

Dersom ELA blir involvert ved tilsyn og kontrollar, vil det likevel òg kunne medføre noko auka administrativt for- og etterarbeid for tilsynsetatane.

Meklingsordninga etter artikkel 13 vil kunne innebære visse administrative plikter for tilsynsetatane som er involverte.

Kostnadene knytte til gjennomføring av rettsakta vil bli dekte over Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt budsjett.

2. Komiteens behandling

Utkast til innstilling har vært forelagt utenriks- og forsvarskomiteen til uttalelse, jf. vedtak i Stortinget 12. november 2024.

I denne innstillingen blir samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EU) 2019/1149 behandlet. Når det gjelder lovforslaget, er dette behandlet i en egen innstilling, jf. Innst. 181 L (2024–2025).

Som ledd i behandlingen av proposisjonen og for å innhente informasjon avholdt komiteen møter med ELA.

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tone E. Berge Hansen, Per Vidar Kjølmoen, Anette Trettebergstuen og Torbjørn Vereide, fra Høyre, Henrik Asheim, Anna Molberg og Aleksander Stokkebo, fra Fremskrittspartiet, Alf Erik Bergstøl Andersen og Dagfinn Henrik Olsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstøl og lederen Freddy André Øvstegård, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, og fra Rødt, Mimir Kristjánsson, viser til at det i proposisjonen er fremmet forslag til lov som gjennomfører europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av en europeisk arbeidsmarkedsstyresmakt, European Labour Authority (ELA), om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av beslutning (EU) 2016/344 («ELA-forordningen»). Lovforslaget inkluderer endringer i folketrygdloven § 1-3 a og EØS-arbeidstakarlova § 1, fordi ELA-forordningen endrer

forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589.

Komiteen viser vidare til at det i proposisjonen blir bede om Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming av ELA-forordninga i EØS-avtala. Gjennomføring av forordninga krev lovendringar og pliktar samstundes den norske stat til å bidra økonomisk gjennom årleg kontingent, administrative kostnader og oppfølging i relevante etatar. Stortinget sitt samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd er difor naudsynt i medhald av Grunnlova § 26 andre ledd:

«Traktatar om særleg viktige saker blir fyrst bindande når Stortinget har gjeve samtykke til det. Det same gjeld alle traktatar som etter konstitusjonen ikkje kan setjast i verk utan ei ny lov eller eit nytt stortingsvedtak.»

Komiteen viser til at bakgrunnen for ELA er ein open europeisk arbeidsmarknad med fri rørsle av arbeidstakarar og tenester i den indre marknaden. Den europeiske union – EU – har omfattande lovgjeving som skal fremja friast mogleg rørsle av arbeidstakarar mellom unionen sine medlemsstatar. Gjennom EØS-avtala sin hovuddel har Noreg slutta seg til regelverket om fri rørsle av arbeidstakarar, utsending av arbeidstakarar i samband med tenesteyting og koordinering av trygdeordningar.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre, vil understreka at dei einskilde medlemsstatane har ulike lovverk for arbeidslivet og for trygdeordningar for dei som ikkje kan skaffa seg arbeidsinntekt til livsopphald. Det er problem med handheving og utveksling av informasjon mellom dei ulike statane sine arbeids- og sosialstyresmakter på tvers av landegrensene. Dette aukar faren for arbeidslivskriminalitet, sosial dumping og at dei som lever på trygdeytingar, ikkje får rettmessige utbetalingar.

Komiteen viser til at European Labour Authority (ELA) vart etablert for at EU-kommisjonen meir effektivt skal handheva EU-retten, både innanfor prinsippa om fri rørsle av arbeidskraft mellom EU-statane og innanfor trygdekoordinering for dei EU-borgarane som bur og/eller arbeider i fleire EU-land.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Høgre, viser til at det har vore ei utvikling innan EU der ELA har utvikla seg frå «agency» (byrå) til «authority» (styresmakt, myndighet). Sidan det har vore ulike syn mellom EU-statane på å gå frå byrå til styresmakt, er den reelle skilnaden i dag avgrensa ved at ELA sin kompetanse overfor medlemsstatane er tufta på frivillighet.

Fleirtalet viser til at ELA med gjeldande mandat etter Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt syn ikkje har noko sjølvstendig mynde til å gjera vedtak med verknad for medlemsstatar.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Høgre og Framstegspartiet, viser til at ELA, som er lokalisert i Bratislava, hovudstaden i Slovakia, arbeider innanfor sitt gjeldande mandat. Administrerande direktør Cosmin Boianiu uttalte, i møte med arbeids- og sosialkomiteen 28. januar 2025, at ELA arbeider med å konsolidera organisasjonen innanfor gjeldande mandat, og at det er sær usikkert kva som blir resultatet av den pågåande evalueringsprosessen mellom EU-parlamentet sin resolusjon av 18. januar 2024 og EU-kommisjonen.

Eit tredje fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til at ELA-forordninga etter Arbeids- og inkluderingsdepartementet si vurdering ikkje inneber avståing av nasjonal styresmakt frå Noreg til EU-kommisjonen sitt underliggjande organ European Labour Authority.

Dette fleirtalet viser til at Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt syn er at vikarbyrådirektivet ikkje er relevant for ELA, og at Noreg i samheng med EU-kommisjonen si pågåande evaluering av ELA har formidla at utviklinga til ELA bør skje innanfor dagens mandat. Dersom evalueringa skulle resultera i forslag om at EU-kommisjonen foreslår å endra mandatet til ELA, må saka gjennom ein ordinær lovgjevingsprosess i EU. Dersom ei revidert rettsakt blir vedteken i EU, må EØS-relevansen vurderast før rettsakta kan innlemmast i EØS-avtala. Ei slik eventuell ny innlemming i EØS-avtala føreset at Stortinget gjev sitt samtykke til dette.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Høyre, mener det er helt avgjørende med en effektiv og tydelig innsats mot sosial dumping og kriminalitet i arbeidslivet. Flertallet viser til NOU 2024:7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer (Eldring-utvalget). Utvalget ble oppnevnt i mai 2022 og fikk i oppdrag å vurdere erfaringene fra EØS-avtalen og andre avtaler Norge har hatt med EU de siste ti årene. Eldring-utvalgets rapport ble overlevert regjeringen i april 2024.

Flertallet mener Eldring-utvalgets rapport gir viktige svar og vurderinger og oppdatert kunnskap om verdien av EØS-avtalen for Norge. Om arbeidsliv og arbeidsmarked skriver et samlet utvalg blant annet:

«Norge er gjennom EØS en del av det felles europeiske arbeidsmarkedet, med de mange mulighetene det gir for både arbeidssøkere og arbeidsgivere. EØS-innvandringen til Norge har bidratt til økt verdiskaping og konkurransekraft, styrket bosetting i områder med befolkningsmessige utfordringer, og har gitt tiltrengt og ønsket arbeidskraft til norske virksomheter i både privat og offentlig sektor.»

Flertallet viser til at utvalget videre fremhever endringer i EUs arbeidslivspolitikkk:

«Et sentralt utviklingstrekk det siste tiåret er det som gjerne omtales som EUs sosiale vending. EU har vedtatt en rekke nye direktiver på arbeidslivets område, og flere er underveis. Disse bestemmelsene bygger i hovedsak opp under det som er nasjonal politikk i Norge.»

Flertallet viser her til ELA som en del av denne økte innsatsen for et bedre regulert arbeidsliv i EU- og EØS-statene.

Flertallet mener god involvering av partene i arbeidslivet er helt nødvendig for å lykkes i kampen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Den norske modellen, med et godt organisert arbeidsliv og et vel fungerende trepartssamarbeid som fremmer tillit, er og har vært et av de viktigste verktøyene i denne kampen.

Flertallet viser her til Eldring-utvalget som slår fast:

«Partene i Norge var positive til at ELA kan styrke det grensekryssende arbeidet mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.»

Flertallet viser til at arbeidslivskriminalitet, sosial dumping og useriøsitet i arbeidslivet ofte er grensekryssende. Flertallet merker seg også at Arbeidstilsynets erfaring er at ELA bidrar til økt kunnskap om arbeidsmobilitet og de utfordringene som følger med slik mobilitet. Flertallet mener full deltakelse i ELA vil føre til en mer samordnet og effektiv innsats mot grenseoverskridende arbeidslivskriminalitet.

Komiteens medlemmer fra Høyre registrerer at arbeidslivskriminaliteten ikke kjenner landegrenser, og at den foregår på tvers i Norden, Europa og verden. Dette er globalisert kriminalitet, som ikke bare kan bekjempes med lokale og nasjonale virkemidler. Internasjonal koordinering må til. Disse medlemmer støtter derfor at Norge blir et fullverdig medlem av det europeiske arbeidsmarkedsbyrået ELA, og mener det var på høy tid at regjeringen Støre omsider fremmet den aktuelle proposisjonen.

Disse medlemmer viser til at regjeringen Solberg var aktiv i det europeiske og internasjonale samarbeidet mot grenseoverskridende arbeidslivskriminalitet. Regjeringen Solberg tok initiativ overfor EU-kommisjonen til å styrke innsatsen mot arbeidslivskriminalitet og forsterke det internasjonale samarbeidet mellom kontrollmyndighetene. Dette er et arbeid som må fortsette med uforminsket styrke, og norsk deltakelse i ELA er et naturlig neste skritt.

3.1 Bilaterale samarbeidsavtaler

Komiteen understreker at for å slå ned på arbeidslivskriminalitet er internasjonalt samarbeid mellom arbeidstilsynene i de ulike landene helt avgjørende. Selv om Norge slutter seg til ELA, vil et slikt samarbeid ikke fullt ut dekke alle land Norge har arbeidsinnvandring fra. Komiteen erkjenner derfor at det fortsatt vil være behov for bilaterale avtaler med blant annet tredjeland. Norge har i dag samarbeidsavtaler med blant annet myndighetene i Estland, Latvia, Litauen, Polen, Bulgaria og Romania. Komiteen mener det bør vurderes å lage liknende avtaler også med tredjeland som Norge har høy arbeidsinnvandring fra, hvor det er utfordringer med arbeidslivskriminalitet og utnyttelse av arbeidstakere.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet, fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen ta initiativ til flere bilaterale samarbeidsavtaler mot arbeidslivskriminalitet med aktuelle tredjeland, for å oppnå mer strategisk og operativt samarbeid, og komme tilbake til Stortinget senest innen fremleggelsen av statsbudsjettet for 2026.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt slår fast at den norske arbeidslivsmodellen med stor autonomi til partene i samarbeidet må forsvares, blant annet mot rettsliggjøring og forskyvning av makt i forbindelse med EU-rett og -organer. Samtidig mener disse medlemmer det er viktig å samarbeide blant annet om arbeidslivskriminalitet på tvers av grensene, både i Norden og i Europa. Disse medlemmer ønsker ikke å tilslutte Norge ELA, særlig fordi ELAs mandat er dynamisk og i utvikling og at det dermed er grunn til å tro det vil bli ytterligere integrering. Disse medlemmer ber i stedet regjeringen om å søke økt mellomstatlig samarbeid om arbeidslivskriminalitet og lignende problemstillinger i Norden gjennom Nordisk råd og ministerråd og i Europa og med EU gjennom arbeidsgruppene for koordinering på det europeiske arbeidsmarkedsområdet som Norge allerede deltar i.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at ELAs navneendring fra byrå til myndighet inntil videre er uten realitet. Ifølge regjeringen vil ikke en tilslutning på nåværende tidspunkt innebære avståelse av nasjonal myndighet til et overnasjonalt organ. Disse medlemmer viser imidlertid til at etter forordningen skal mandat og oppgaver for den nye arbeidsmarkedsmyndigheten gjennomgå av kommisjonen hvert femte år. Det er arbeidsmarkedsmyndighetens resultater knyttet til mål, mandat og myndighetens oppgaver som evalueres. I slike evalueringer kan det komme endringer i både virkeområde, omfang av aktiviteter

samt oppgaver. Det er nå en pågående evalueringsprosess av ELA hos EU-kommisjonen. Disse medlemmer mener det er grunn til å tro at det over tid vil være et ønske om tettere integrasjon og å kunne gi arbeidsmarkedsmyndigheten et mer formelt grunnlag.

Disse medlemmer ønsker ikke å være med på en slik utvikling og er skeptiske til stadig avståelse av myndighet i større eller mindre grad til organer utenfor nasjonal kontroll.

Disse medlemmer viser videre til at fullverdig deltakelse i arbeidsmarkedsmyndigheten vil ha både økonomiske og administrative konsekvenser. Årlige direkte kostnader er anslått til 16 mill. kroner, men i tillegg kommer utgifter knyttet til behovet for ny koordinering i byråkratiet, i særlig grad hos Arbeidstilsynet. Disse medlemmer merker seg at departementene finner det vanskelig å skulle anslå alle administrative konsekvenser dette vil få, og at det videre vil avhenge av satsingsområdene til ELA. Disse medlemmer legger til grunn at dette vil gi mer utgifter til byråkrati samt at mer administrative ressurser bindes opp i byråkratiske prosessesser.

Disse medlemmer mener at ressurser som settes av til regelverksforvaltning og kontroll med arbeidsmarkedsregelverk, skal brukes effektivt, og stadig flere byråkratiske samordningsprosesser på overnasjonalt nivå bør ikke prioriteres.

Disse medlemmer mener at en helhetsvurdering tilsier at Norge ikke søker deltakelse i ELA, men prioriterer å fortsette samarbeidet i de arbeidsgruppene for koordinering på det europeiske arbeidsmarkedsrådet som Norge allerede er en del av.

Disse medlemmer støtter derfor ikke at Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteen sin beslutning nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EU) 2019/1149.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet vil understreka at Den europeiske union – EU – si omfattande lovgjeving for å fremja friast mogleg rørsle av arbeidsfolk mellom medlemsstatane i unionen, inneber at Noreg ikkje lenger har ein nordisk arbeidsmarknad, men ein EU/EØS-arbeidsmarknad. Vår nordiske arbeidsmarknad, skipa i 1954, fungerte bra som følgje av ein felles norsk-nordisk arbeidslivsmo- dell, rimeleg lik arbeidslivslovgjeving og nokolunde likeverdige sosiale tryggleiknett for personar som var arbeidsledige eller ikkje hadde arbeidsevne til å skaffa seg inntekt til livsopphald. Gjennom EØS-avtalen frå 1. januar 1994 og seinare utvidingar av EU har Noreg blitt del av ein felles europeisk arbeidsmarknad der løns- og arbeidslivsvilkår, arbeidslivslovgjeving og sosiale velferdsytningar ved eksempelvis arbeidsløyse er sær- sars ulike. Innføring av ein friast mogleg arbeidslivs- marknad mellom EU/EØS-land har ført til at det i dag er

meir enn 15 mill. EU/EØS-borgarar som bur og arbeider i ulike EU/EØS-land. Dette legg sjølvsagt press på løns- og arbeidsvilkår i land som Noreg, som jamt over har ei strengare arbeidslivslovgjeving og betre velferdsord- ningar. Omgrepet «sosial dumping» er slik blitt fellesei- ge hjå arbeidsfolk i Noreg, spesielt hjå arbeidsfolk i fysiske yrke. For å redusera omfanget av sosial dumping er lønsføresegner i ei rekkje tariffavtalar allmenngjorde med heimel i lov om allmenngjøring av tariffavtaler med forskrifter. Brot på slike allmenngjorde tariffav- talar er brot på norsk lov og inneber dermed arbeidslivskriminalitet, medan sosial dumping ikkje er ulovleg, men uanstendig.

Denne medlemen vil understreka at med Den europeiske union sin indre marknad, som legg marknadskreftene sine fire fridomar til grunn, er friast mog- leg rørsle av arbeidsfolk over landegrensene eit grunn- leggjande prinsipp. Alle erkjenner at dette inneber at den norske modellen med jambyrdige løns- og arbeids- forhold blir sett på ei stor prøve. Marknadskreftene får så stort speleroom at lønsskilnadane aukar.

Mogleikane for å motarbeida arbeidslivskriminali- tet blir svekte når arbeidstakarar bur i eitt land og arbei- der i eit anna land, mange gonger i kortvarige arbeids- forhold.

Denne medlemen viser til at Senterpartiet, sa- man med Sosialistisk Venstreparti, i Innst. 108 L (2020– 2021), jf. Prop. 141 LS (2019–2020), gjekk imot lovforsla- get frå dåverande regjering: Endringer i lov 14. desem- ber 2012 nr. 81 om gjennomføring i norsk rett av EØS- avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/ 2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-om- rådet (EØS-arbeidstakarlova). Denne medlemen vi- ser vidare til følgjande fellesmerknad i Innst. 109 S (2020–2021) – Innstilling fra arbeids- og sosialkomiteen om Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslut- ning nr. 302/2019 om innlemmelse i EØS-avtalen av for- ordning (EU) 2016/589 om et europeisk nettverk for ar- beidsformidling (EURES), tilgang til mobilitetstjenester for arbeidstakere og ytterligere integrasjon av arbeids- markedene og syv gjennomføringsbeslutninger:

«Disse medlemmer vil påpeke at tilslutning til den- saken vil innebære at en sidestiller offentlig og privat arbeidsformidling. Etter disse medlemmers vurdering setter dette en stopper for eventuelle krav om offentlig arbeidsformidling i fremtiden. Videre vil disse medlem- mer påpeke at saken innebærer en sterkere samordning på EU-nivå som ytterligere snevrer inn rommet for na- sjonal arbeidslivspolitik. Etter disse medlemmers vur- dering betyr innlemmelse i EØS-avtalen av forordning (EU) 2016/589 i norsk lov at disse medlemmers ambi- sjon om at Norge skal ha rett til å lyse ut stilling i det lo- kale arbeidsmarkedet først, blir torpedert.»

Denne medlemen viser til at ELA har fått opp- gåva med å koordinere Det europeiske arbeidsformid-

lingssamarbeidet (EURES) og Den europeiske plattform mot svart arbeid. Denne medlemmen forstår det difor slik at EURES i dag er ein del av ELA.

Denne medlemmen viser til at Arbeids- og inkluderingsdepartementet vurderer det slik at Den europeiske arbeidsstyresmakta (ELA) ikkje har noko sjølvstendig mynde til å gjera vedtak med konsekvensar for medlemsstatane. Mellom EU-landa er det ulike syn på om ELA skal ha slikt mynde eller ikkje. Denne medlemmen meiner det derimot er logisk at ELA sitt mandat og mynde etter kvart blir utvida. Denne medlemmen viser her til kva som har skjedd med eksempelvis Det europeiske kjemikaliebyrået (ECHA), fellesreguleringa av finansmarknaden, Det europeiske byrå for flysikkerhet (European Union Aviation Safety Agency, EASA) og – kanskje mest kjent for ålmenta i Noreg – ACER – Agency for the Cooperation of Energy Regulators.

Denne medlemmen er på denne bakgrunnen motstandar av at Noreg skal knyta seg nærare til Den europeiske arbeidsstyresmakta – European Labour Authority (ELA). Difor går denne medlemmen imot forslag til vedtak om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) 2019/1149. Samstundes er denne medlemmen tilhengar av å styrka bilateralt samarbeid med andre land gjennom eksempelvis felles tilsyn utført av dei respektive landa sine arbeidstilsyn, politi, skatte-tatar m.fl. Dette arbeidet må intensiverast frå norsk side og gjennomførast slik at det er i begge land si felles interesse.

Denne medlemmen går òg imot proposisjonen sitt forslag til lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova), jf. Innstilling frå arbeids- og sosialkomiteen om Lov om den europeiske arbeidsmarknadsstyresmakta (ELA-lova).

4. Uttalelse fra utenriks- og forsvarskomiteen

Utkast til innstilling har vært forelagt utenriks- og forsvarskomiteen til uttalelse, jf. vedtak i Stortinget 12. november 2024.

Utenriks- og forsvarskomiteen uttalte følgende i brev av 18. mars 2025:

«Utenriks- og forsvarskomiteens medlemmer viser til sine respektive partiers merknader i arbeids- og sosialkomiteens utkast til innstilling til prop. 8 LS (2024-2025) og har ingen ytterligere merknader.»

5. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding I fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Høyre. Komiteens tilråding II fremmes av komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Rødt.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komiteen si avgjerd nr. 319/2023 av 8. desember 2023 om innlemming i EØS-avtala av europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/1149 av 20. juni 2019 om innføring av ei europeisk arbeidsmarknadsstyresmakt, om endring av forordning (EF) nr. 883/2004, (EU) nr. 492/2011 og (EU) 2016/589 og om oppheving av avgjerd (EU) 2016/344.

II

Stortinget ber regjeringen ta initiativ til flere bilaterale samarbeidsavtaler mot arbeidslivskriminalitet med aktuelle tredjeland, for å oppnå mer strategisk og operativt samarbeid, og komme tilbake til Stortinget senest innen fremleggelsen av statsbudsjettet for 2026.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 25. mars 2025

Freddy André Øvstegård

leder

Per Olaf Lundteigen

ordfører

